



*Vinje kommune*

*Plan for den kulturelle  
skule- og barnehagesekken  
for Vinje kommune*

*Handlingsplan 2007/2008*

*Handlingsplan 2010/2011*

# Kommuneplan 2007 – 2019

## Visjon

Vinje utfordrar framtida

## Verdigrunnlag

- Vinje – eit livskraftig og moderne samfunn tufta på kultur, tradisjonar og utvikling av eigne ressursar.
- Ta vare på natur og miljø for seinare generasjonar.
- Vidareføre dei rike kulturverdiane og tradisjonane i Vinje og ynskje nye kulturar velkomne.
- Ha gode sosiale miljø i kommunen, og omsorg for kvarandre.
- Aktive innbyggjarar med engasjement for kommunen sin.

## Innsatsområde

Identitet

Levekår

Levevegar

## Andre utviklingsområde

Kommune- og regionsenter, Samferdsel, Kommunale tenester i framtida



## 1. Innleiing

Bakgrunn

Den kulturelle skulesekken

Kva er den kulturelle skulesekken

- 1.1. Kva vil Vinje kommune med denne planen?
- 1.2. Kopling til andre planar
- 1.3. Arbeidsprosess og deltaking
- 1.4. Oppfølging og rullering

## 2. Vinje kommune - Kommunefakta

Oversyn over barnehagane, oppvekstsentra, skulane og kulturskulen

Viser til andre planar og prosjekt

## 3. Tenesteområde i denne planen (skule, barnehage, næring osv.)

- 3.1 Tenesteområde
- 3.2 Situasjonen i dag
- 3.3 Utviklingstrekk/viktige kjenneteikn
- 3.4 Positive sider- moglegheiter

## 4. Mål for Den kulturelle skule- og barnehagesekken

- 4.1 Visjon
- 4.2 Hovudmål
- 4.3 Delmål

## 5. Tiltak og ansvar

- 5.1 Aktivitet
- 5.2 Tilbod frå Kulturskatten
- 5.3 Ansvarsområde
- 5.4 Økonomi



## 1. Innleiing

### *Bakgrunn*

Regjeringa har gjennom si nasjonale satsing lagt opp til å gje alle norske skulebarn ein kulturell skulesekk. Intensjonen er å sikre elevane sitt møte med profesjonell kunst- og kulturformidling, og la elevane gjera seg kjende med og få eit aktivt og positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag.

Handlingsplanen som er utarbeidd for Telemark fylke byggjer på følgjande vedtekne stortingsmeldingar og nasjonale planar:

- Stortingsmelding 61, (1991-92) "Kultur i tiden"
- Nasjonal plan for kunstformidling av biletkunst og kunsthandverk 1994
- Handlingsplanen "Broen og den blå hesten" 1995
- Kunnskapsløftet
- "Den kulturelle skulesekken" – Utviklingsplan 2001
- St.meld. nr 38 – "Den kulturelle skulesekken"
- St.meld. nr 39 – "Ei blott til lyst"
- St.meld. nr 48 – Kulturpolitikk fram mot 2014
- "Gi rom for lesing"
- Strategiplan for kunst og kulturopplæring
- Kulturlova (29.06.07 nr 89)

På regionalt - og kommunalt nivå har det innan profesjonell kunst vore ei aukande interesse for formidlingsdelen, særleg med fokus på formidling til yngre aldersgrupper. Å sjå koplingar mellom kultur- og skulesektor har vore ein viktig del av dette.

Telemark fylkeskommune vedtok i 1997 "Kulturstrategi Telemark" og "Plan for kunstformidling 1998-2005". Tiltaka i "Plan for kunstformidling 1998-2005" er eit forsøk på å følgje opp intensjonane i handlingsplanen "Broen og den blå hesten".

Handlingsplan for Den kulturelle skulesekken i Telemark føreset eit nært fagleg samarbeid mellom skule - og kultursektoren, og er ei ansvarsdeling mellom tre forvaltningsnivå:

- lokalt i den enkelte kommunen
- regionalt i den enkelte fylkeskommune og utdanningsavdelinga i fylka
- sentralt i dei to departementa

På bakgrunn av føringane frå sentralt hald er det nedsett ei strategigruppe med deltakarar frå fylkeskommunen, utdanningsdirektøren i Telemark og ein representant frå Høgskulen i Telemark.

### ***Den kulturelle skulesekken***

- Er eit nasjonalt utviklingstiltak for å gje elevane i grunnskulen kunst- og kulturopplevingar av høg kvalitet.
- Skal leggje til rette for at elevar i grunnskulen lettare kan få tilgang til, gjera seg kjent med og få eit aktivt og positivt forhold til kunst og kultur.
- Skal forankrast i Kunnskapsløftet.
- Er eit samarbeidstiltak mellom Kultur- og kyrkjedepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet

### **Kva er den kulturelle skulesekken?**

Kultur- og kyrkjedepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet samarbeider om å utvikle Den kulturelle skulesekken. Formålet med den kulturelle skulesekken er å utvikle ein heilskapleg og bevisst innlemming av kunstnariske og kulturelle uttrykk i realisering av skulens læringsmål. Det gjer ein ved mellom anna å trekkje inn kunstnarar og kulturarbeidarar gjennom Kulturskatten. Det handlar og om å nytte det tilfang av innhald og arbeidsformer av kunstnarisk og kulturell art som den enkelte lærar, skule og kommune kan velje å bruke i sitt pedagogiske arbeid.

Utfordringa ligg i eit godt samspel mellom kulturskule, Kulturskatten, det friviljuge kulturarbeidet og grunnskulen. *I Vinje har me også inkludert barnehagane i den kulturelle skule- og barnehagesekken.*

Gjennom samarbeidet med Telemark fylkeskommune, Telemarkkonsertar / kulturskatten og rikskonsertane får me tilbod på eit langt høgare nivå enn me sjølve kunne skaffe.

Den kulturelle skulesekken er delt i tre ansvarsområde:

- **Telemark fylkeskommune**, regionaletaten, har ansvar for **Kulturskatten**. Kulturskatten er turnetilbodet til kommunane og skulane. I tillegg har dei ansvar for eit årleg kulturtorg, nettverksmøte med koordinatorar og kulturkontaktar. Ungdomens kulturmønstring ligg også under Kulturskatten.
- **Høgskulen i Telemark** har ansvar for kompetanseutvikling for tilsette i grunnskulen, SFO og kulturskulen.
- **Vinje kommune** har ansvar for å utarbeide og å gjennomføre kommunal handlingsplan innan musikk, kunst og handverk, norsk, kroppsøving, dans og drama.

For å få til dette må det vera samarbeid mellom skule, barnehage, kulturskule, bibliotek, museum og lokale lag og organisasjonar.

### **1.1 Kva vil Vinje kommune med denne planen?**

I denne plane vil Vinje kommune fylgje opp intensjonane som staten legg opp til.

### **1.2 Kopling til kommunedelplanen, tidligare planar**

Kommuneplan 2007 – 2019 seier at born og unge skal ha trygge og gode oppvekstvilkår. Undervisninga skal vera sikra ein læringsprosess som skaper medvit om tilknytning, lokal kultur og historie. Dette gjeld både i barnehage og skule.

### **1.3 Arbeidsprosess og deltaking**

Gjennom strategigruppa med fylkeskommunen, utdanningsdirektøren i Telemark og ein representant frå Høgskulen i Telemark har me fått framlegg til plan. I tillegg blei det våren 2003 valt ut 3 Pilotkommunar i fylket. Dei fekk eit særleg ansvar for å byggje nettverk og skape gode arenaer for utveksling av idear og gode prosessar for utvikling av dei kommunale handlungsplanane i forhold til Den kulturelle skulesekken.

### **1.4 Oppfølging og rullering**

Planen skal rullerast kvart år.

Tiltaka som gjeld kunstnarlege innslag blir lagt inn i planen for kvart semester, så fort dei er klare frå Telemarkkonsertar si side.

Sidan desse turneplanane berre blir laga for kvart halvår, er det vanskeleg å leggje langsiktige planar for denne delen av Den kulturelle skule og barnehagesekken.

Rulleringa er gjort av kultursjef Signe Marie Kittelsaa, kulturskulerektor Anders Blystad, nestleiar i barnehagen Kari Fetveit og skulefagleg rådgjevar Torbjørg Enerstad.



## 2. Vinje kommune- kommunefakta pr 01.10.2010

*Oversyn over barnehagane, oppvekstsentra, skulane og kulturskule i kommunen:*

### **Barnehagar:**

Edland barnehage: tre avdelingar  
Hakkespetta barnehage: fire avdelingar  
Rauland barnehage: fire avdelingar

### **Kulturkontakt**

Janne Anita Krogstad  
Gerd L. Kroken  
Heidi Rønningen

### **Oppvekstsenter:**

Vinje oppvekstsenter: ei avdeling  
1.-7.skuleår  
Øyfjell oppvekstsenter: to avdelingar  
1.-7.skuleår

Kari Fetveit  
Silje Vilhodd  
Unni Kristensen  
Britt Marie Ståland

### **Skular:**

Edland skule: 1.-10.skuleår  
Rauland skule: 1.-10.skuleår  
Åmot skule: 1.-10.skuleår

Gøril Ramo Håve  
Kristine Rønning  
Inger Lien

### **Kulturskulen:**

Undervisning i ulike instrument, korps, kor, musikkleik, dans og drama.

### **Viser til andre interne planar og prosjekt:**

*Bibliotekplan for skulane i Vinje*

*Handlingsplan for tiltak for ungdom*

*Rusmiddelpolitisk handlingsplan*

*Psykiatriplanen*

*SLT – rus- og kriminalførebyggjande tiltak*

*Prosjekt frå Vest-Telemark museum*



### 3. Tenesteområde

#### 3.1 Tenesteområde

Barnehage, skule, SFO og kulturskule

#### 3.2 Situasjonen i dag

Dei siste åra har me teke opp att ordninga med årets kunstnar. Dette gjeld både for barnehagar og skular.

I tillegg har barnehagar og skuler hatt lokale opplegg, t.d. jubileum og samarbeid med kulturskulen og lokale lag.

#### 3.3 Utviklingstrekk/viktige kjenneteikn

Me har i mange år hatt faste samarbeid med Rikskonsertane både i barnehagen og skulen. I tillegg har det vore mange tilbod frå kultur.

No er tilboda i tillegg til Rikskonsertane komne i faste former gjennom Kulturskatten.

#### 3.4 Positive sider- moglegheiter

Positive sider	Moglegheiter
Bygge opp elevanes kulturelle kompetanse	Systematisk satsing på eigenaktivitet, samarbeid med kulturskulen, biblioteka, lokale kunstnarar og musea.
Alle får det same tilbodet og får møte kunstuttrykk av høg kvalitet.	Rikskonsertane og Kulturskatten



## 4. Mål for Den kulturelle skule- og barnehagesekken

### 4.1 Visjon

INNSYN OG VIDSYN

### 4.2 Hovudmål

- Barn og unge skal få kunnskap om ulike kulturuttrykk.
- Dei skal kjenne til den lokale kulturen og vera open for idear utanfrå.

### 4.3 Delmål

- Barn og unge som har tru på seg sjølve og andre
- Barn og unge som er opne for nye inntrykk og uttrykk
- Barn og unge som tør, vil og kan
- Barn og unge som får oppleve glede ved at andre opptrer for dei og ved at dei sjølve gjer noko for andre menneske
- Mangfald



## 5. Aktivitet og ansvar

### 5.1 Årleg aktivitet i skule og barnehage.

<i>Tiltak/strategi (korleis)</i>	<i>Ansvar</i>	<i>Barne -hagen</i>	<i>1.-4.kl</i>	<i>5.-7.kl</i>	<i>8.-10.kl</i>
Kulturskatten m/Rikskonsertar	Koordinator/ kulturkontaktar		X	X	X
Kulturskuleprosjekt dans, drama, kor	Kulturskulerektor / einingsleiar		X	X	X
Opplæring i moderne dans	Kulturskulerektor / einingsleiar	X	X	X	X
Faste møte for kulturkontaktar	Koordinator/ kulturskulerektor	X	X	X	X
Årets kunstnar/jubileum	Einingsleiar/ kulturskulerektor	X	X	X	X
Bruk av musea	Kontaktlærarar / ped. leiarar	X	X	X	X
Entreprenørskap	Einingsleiar	X	X	X	X
Lære kommunehuset å kjenne <i>Fellesdag for alle</i>	Einingsleiar/rådgjevar Ordførar				X 9.kl
Ungdomens kulturmonstring	Kulturkontakt / einingsleiar / kulturskulelærarar			X	X
Samarbeid med lokale lag	Kontaktlærarar / ped. leiarar	X	X	X	X
Lokal kulturarv	Kulturskulerektor / einingsleiar Kontaktlærarar / ped. leiarar	X	X	X	X
Lære nærmiljøet å kjenne	Kontaktlærarar / ped. leiarar	X	X		
Lære kommunen å kjenne	Kontaktlærar			X	X
Lære regionen å kjenne	Kontaktlærar				X

## 5.2 Aktivitet - oppstart av prosjekt

<i>Tiltak/strategi (korleis)</i>	<i>Ansvar</i>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>
Årets kunstnar/jubileum Innføring kvart år	Einingsleiar / kulturskulerektor	X	X		X
Skrivekurs / litteratur	Rektor - kulturskulen	X	X	X	
Song, stev, forteljing	Ped.leiar / kontaktlærer	X	X	X	X
Kjennskap til målføre	Einingsleiar / kulturskulerektor		X	X	
Ta opp att gamle leikar	Prosjektgruppe				
Mattradisjonar	Einingsleiar		X		
Mangfald	Einingsleiar / kulturskulerektor	X		X	X



### 5.3 Tilbod til skule og barnehage frå Kulturskatten og lokale tiltak i 2010/11:

<i>Tiltak/strategi (korleis)</i>	<i>Ansvar</i>	<i>Barne - hagen</i>	<i>1.- 4.kl</i>	<i>5.- 7.kl</i>	<i>8.-10.kl</i>
<b><i>Kulturskatten:</i></b>					
Tilboda som kjem til skulen gjennom Kulturskatten hausten2009 og våren 2010 <i>Spesifikasjonar koart halvår</i>	Kulturkontakt		X	x	X
<b><i>Andre tiltak:</i></b>					
Tilbod gjennom Folkeakademiet eller andre gjennom skuleåret	Kulturkontakt / styrar I samarbeid med kulturkontoret	X	X		
<b><i>Lokale tiltak:</i></b>					
Opplæring i dans	Musikkskulerektor/ kulturkontakt		X	X	
Opplæring i selskapsdans (førebuing til joleball) (Kate)	Musikkskulerektor/ kulturkontakt				X
Dans / rørsle	Musikkskulerektor/ kulturkontakt	X			
Årets kunstnar 2010: Dølen v/Aasmund Nordstoga	Musikkskulerektor/ kulturkoordinator/ rektor/styrar	X	X	X	X
Årets kunstnar 2011: Ikkje årets kunstnar i 2011	Musikkskulerektor/ kulturkoordinator/ rektor/styrar				
Skrivekurs / litteratur	Musikkskulerektor/ kulturkontakt/ norsklærarar			X	X
Lære kommunehuset å kjenne <i>Fellesdag for alle 9.klassene, Pernille Hjelle har ansvaret</i>	Rådgjevar/rådmann				9.kl

## 5.4 Økonomi

Kommunestyret må syte for økonomi til å gjennomføre den kommunale handlingsplanen i samband med budsjetta framover.

I den kommunale handlingsplanen ligg det og å betale for Kulturskatten i tillegg til kommunale planar og transport.

### ***Kostnad:***

Kulturskatten og Rikskonsertane – skule:	kr 28 800,-
Rikskonsertane – barnehage:	kr 7.000,-
Årets kunstnar:	kr 30.000,-
Møte med kulturkontaktane + administrasjon:	kr 45.000,-
Kulturskuleprosjekt og reiser:	<u>kr 71.000,-</u>
I alt:	<u>kr181.800,-</u>

Koordinering av planen går av ressursar innan noverande stillingar i Kulturskule og OAI.

Den enkelte barnehage og skule brukar ressursar frå eiga eining for å finansiere dei andre tiltaka som ligg i planen.

I tillegg kjem det eksterne midlar frå Den kulturelle skulesekken sentralt.

Det har ikkje kome tilsegn frå fylkeskulturkontoret om storleik på desse midlane enno, men me reknar med omlag same sum som tidlegare, kr 54.966.

